



Ragn Sells As avd. Mongstad
Storemyra 293
5954 Mongstad

Saksbehandler, telefon

Hallvard Hageberg, 55 57 23 18

Løyve etter forureiningslova for Ragn Sells AS avd. Mongstad til mottak og handtering av avfall

Fylkesmannen har vedteke å gje løyve til nytt avfallsanlegg på Mongstad. Der er stilt krav om handtering av overvatn og avløpsvatn, og krav til dekke og skjerming mot vêr og vind. Løyvet regulerer også utslepp til vatn og luft, og til støy frå verksemda.

Vi viser til søknad om etablering av avfallsanlegg etter forureiningslova datert 06.02.2017, til etterfølgjande e-postutvekslingar og til møte i Rådalen 16.01.2019.

Fylkesmannen gir løyve på visse vilkår. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, avfallsforskrifta § 11-6, og følgjer vedlagt. Fylkesmannen har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre til. Ved fastsetjing av vilkåra har Fylkesmannen lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Tiltak som fører til fare for forureining av vatn har vi vurdert etter vassforskrifta §§ 4-6, der føremålet er å beskytte og om nødvendig betre miljøtilstanden i elver, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. Vi har også lagt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn ved vurdering etter forureiningslova.

Dei utsleppa som vi reknar med har størst verknad på miljøet, har vi regulert gjennom særlege vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagt under sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilde vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor liggje føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført.



Dette løyvet fritar ikkje for erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no.

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter, er straffbare.

I dei tilfelle der det er krav både i løyve og i forskrift er det dei krava som er strengast av forskrifta og løyvet som gjeld.

I vedlegg 2 i løyvet er ei liste med forklaringar på nokre ord og uttrykk som er brukt i løyvet.

Offentleggjering av løyvet

Vedtaket om løyvet vil bli offentleggjort på www.norskeutslipp.no.

Industriutsleppsdirektivet og BAT-konklusjonar

Verksemda er omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED) og må setja seg inn i kva har å seia. Det vil etter kvart bli utarbeidd såkalla BAT¹-referansedokumenter (BREF) for kvar einskild bransje som direktivet gjeld for. BREF omtalar mellom anna status for teknikkar vert brukte i sektoren, teknikkar som er vurderte med sikte på å bestemme BAT, og BAT-konklusjonar og eventuelle nye BAT-teknikkar som er under utvikling. BREF med krav til behandling av avfall kom hausten 2018, og kan medføra at det vert sett spesifikke krav til einiskilde avfallsanlegg. Etter at BAT-konklusjonen (dokument som fastslår juridisk bindande utsleppsgrenser) er publisert, er det frist på 4 år for når BAT-krava er innarbeidde i løyvet, og for når verksemda skal halda krava. Fylkesmannen vil ta kontakt med aktuelle verksemdar i løpet av 2019, slik at det kan leggjast ein plan for å følgja opp dette.

Denne nettsida gir god oversikt over relevante IED-avgjerder/dokument:

<http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/>

Som følgje av at IED er tatt inn i norsk rett, er forureiningsforskrifta endra på ein del punkt. Eitt av dei nye krava er at verksemdene skal kjenne til og dokumentere eventuell forureining i grunn og grunnvatn før det blir gitt løyve til ny verksemd, eller før eksisterande løyve blir revidert.

Forureiningsgrad og forureina område skal dokumenterast i ein tilstandsrapport. Kravet om tilstandsrapport er innført etter at søknaden frå Ragn Sells As avd. Mongstad hadde vore på høyring. Det er derfor ikkje laga tilstandsrapport som del av søknaden, men i staden sett vilkår om dette i punkt 8.1. i løyvet.

Bakgrunn og søknad

Det er søkt om mottak og mellomlagring av følgjande avfallstypar:

- Blanda usortert næringsavfall
- Våtorganisk avfall
- Farleg avfall
- EE-avfall

Til saman er det søkt om samla mottak av 25 000 tonn avfall pr. år.

¹ Best Available Techniques (beste tilgjengelege teknikkar)



I følgje søknaden skal overvatn frå uteområde førast gjennom oljeutskiljar som er koplå til kommunalt nett.

Saksgang

Søknaden har vore på offentleg høyring i avisa Nordhordland og på nettsida til Fylkesmannen. Søknaden vart også sendt til Lindås kommune for uttale. Det kom ingen uttaler frå den offentlege høyringa. Lindås kommune har seinare sendt ei kortfatta orientering om plansituasjonen i området.

Fylkesmannen si vurdering og grunngiving

Fylkesmannen meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne fatte vedtak i saka.

Plansituasjonen

Søkjær har opplyst at området er regulert til industri. Lindås kommune har stadfesta dette.

Utslepp til luft

Det avfallet som eventuelt kan gje opphav til lukt er våtorganisk avfall, blant anna matavfall. Denne typen avfall kan maksimalt lagrast i 7 arbeidsdagar. Sortering og annan handtering av dette avfallet skal gå føre seg innandørs. Vi stiller i tillegg vilkår om at det skal lagast eigne planar for ferieavvikling og uføresette hendingar for å unngå lengre lagring av slikt avfall.

Utslepp til vatn

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021. Aktivitetar som gir dårlegare miljøtilstand enn god økologisk tilstand skal ikkje tillatast.

Vasskvaliteten i Fensfjorden-Sør² har ifølgje data i Vann-Nett god økologisk tilstand medan kjemisk tilstand er sett til dårleg. Fensfjorden-Sør er i risiko og nye tiltak er nødvendig for å nå god miljøtilstand. Dei viktigaste påverknadene er punktutslepp frå industri og diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett.

Vi har sett krav om at forureina avløpsvatn, inkludert forureina overvatn skal gå via kommunalt nett til reinseanlegg og vidare til resipient. Det er også krav om at overvatn frå utandørs trafikkareal mv. som kan innehalda olje skal reinsast i oljeutskiljar, slik at oljeinnhaldet ikkje vert større enn 20 mg/l. Kravet tilsvarar vilkår for reinsing ved to nærliggjande verksemdar.

Verksemda har også fått krav om å kartleggja dette utsleppet og vurdere behov for tiltak. Dette er m.a. på bakgrunn av at verksemda har opplyst at vatn frå innandørs reingjering av konteinarar mv. skal førast til oljeutskiljar. Vi vil på bakgrunn av vurderinga avgjere om vi skal setje fleire krav og tidspunkt for gjennomføring.

Vi meiner at med dei reinsetiltak og krav som er sett, så vil utslepp frå verksemda ikkje vere til hinder for at miljømålet for vassførekomsten vert nådd.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Tiltaket vil ikkje føre til endring i type aktivitet. Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar nær anlegget. Kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken i hovudsak skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er med det oppfylt. Vi har derfor vurdert at det ikkje vil vere nødvendig å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12 fordi dette er dekt av krava i løyvet.

² ID Vann-nett: 0261040101-10-C Fensfjorden - Sør



Støy

Verksemda ligg i eit industriområde som er lagt til rette for denne type verksemd. Vi har sett standardkrav for støy som gjeld for industri, jf. punkt 9 i løyvet. Verksemda skal halde grenseverdiane for støy heile døgnet.

Finansiell sikring

Verksemda kan ikkje ta imot farleg avfall på anlegget utan ei godkjent finansiell sikring. Sidan arbeidet med finansiell sikring er i gong, men ikkje ferdig, gir Fylkesmannen mellombels utsetjing av kravet til 1. november 2019.

Søkjaren har sendt inn forslag til finansiell sikring for mottak og lagring av farleg avfall. Forslaget er basert på at det maksimalt skal lagrast 80 tonn farleg avfall samstundes på anlegget. Vi vil gjere eige vedtak om godkjenning av finansiell sikring når det er lagt fram utkast til bindande avtale i form av kontopantavtale eller påkravsgaranti med norsk bank.

Konklusjon

Vi har vurdert at fordelane av verksemda er større enn eventuelle negative konsekvensar som følgje av forureining frå anlegget. Dersom aktivitetane går føre seg med gode rutiner og i samsvar med vilkåra i løyvet, vil omsynet til miljøet bli teke vare på. Fylkesmannen gir derfor løyve etter forureiningslova.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Utgreiing av utslepp til vatn	1. mars 2020	4.3
Vurdering om tilstandsrapport om forureina grunn og grunnvatn	1. juli 2020	8.1
Ev. tilstandsrapport om forureina grunn og grunnvatn	1. januar 2021	8.1
Ev. program for undersøking grunn og grunnvatn	1.mars påfølgjande år	8.2
System for energileiing	1. januar 2020	10
Rapportera til Fylkesmannen	1.mars påfølgjande år	13.5

Gebyr

Fylkesmannen tek sakshandsamingsgebyr for arbeid med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert arbeidet med dette løyvet under gebyrsats 5 for 2018, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale 50 900,- kroner i gebyr for løyvet. Gebyrsatsen er vald ut frå Fylkesmannens ressursbruk ved handsaming av søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

Rett til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med særlege interesser kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerda kan ikkje klagast på.



De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunngitt. Send klagen til Fylkesmannen i Vestland innan tre veker.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette og andre reglar som gjeld i saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Med helsing

Nina Vadøy
overingeniør

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyve etter forureiningslova

Kopi til:
Lindås kommune